

## Målaren Kjell Aukrust

*Denne artikkelen bygger på eit foredrag Harald Stanghelle heldt på Aukrustsenteret, om Kjell Aukrust og hans måleri.*

*Les òg bøkene "Galleri Aukrust" og "Kjell Aukrust med pensel" av Finn Jor.*

Å snakke om Kjell Aukrust her i Alvdal er ei form for risikosport. Så mykje kunnskap, kjennskap og forståing for han og hans kunst er samla nett her i denne bygda. Heile den grunnleggjande ressonansbotnen for Kjell og hans kunst er jo Alvdal. Og likevel tilhøyrer han oss andre også: Det spesielle med alvdølen Kjell Aukrust er at han er universiell. Som knapt nokon andre såg han det almenne i det spesielle. Det er då også grunnen til at vi er her i eit senter som ber namnet hans – og huser kunsten hans.

Denne gongen er det Kjells måleri som påkallar interessa. Og igjen vert vi minna om kva for ein multikunstnar Kjell Aukrust var.

Ein glitrande teiknar. Mange – og eg er mellom dei – vil kalle han den fremste her i landet.

Ein stor ordkunstnar. Hans originalitet og stil gjer få han etter. Ein betydeleg samtidskildrar. I avisa med eigen pakkedisk.

Ein ellevill humorist, av dei mest innfallsrike og særprega.

Og altså ein spanande, overraskande og samansett målar.

Kjell gav jo så raust av seg sjølv. Han mynta seg ut til glede for oss andre, pirka så leikent og uvørent i samfunnsalvoret. *"Jeg er blitt sittende på morsomhyl-*

*la,"* konstaterte Kjell Aukrust ved eit høve. Det er verdt ettertanke. For kanskje han med sitt eige nærver som humorist kom i skade for å stengje for både forståing og oppleving av djupna i sin eigen kunst. Slikt er kanskje for blasmefi å rekna her i Alvdal, men likevel eit moment å ta med når vi i dag står her i lyset av Kjells målarkunst.

For her ser vi at også på dette området var Kjell Aukrust den energisk arbeidande kunstnaren med ein stor og vital produksjon.

Vi ser ein kunstnar som utviklar seg over tid.

Vi ser ein oppdagelsesreisande i biletkunstens verd.

Vi ser dei mange og motstridande impulsane, ulike straumdrag som har vore viktige impulsar for Kjell Aukrust som målar.

Vi ser den unike varheten for stemningar i måleria som i resten av Kjells kunstunivers.

Og vi ser den raffinerte komposisjonen, sjølv vi som må bekjenna oss til amatørane på området.

Det er som om måleriet omkransa Kjells mangfaldige verksemnd som kunstnar.

Han starta jo på mange måtar der.

I denne forsamlinga av Aukrustviten er det nesten fornærmeleg å for-

telja historia om Kjells veg inn mot kunstnerbana. Vi kjenner jo historia om den orienterte, aktive, mektige, ja, nokre sa allmechtige Henrik Sørensen som vitja Lars Aukrust i stortingshusveret på Gimle Terrasse, og hørte stortingsmannen lettare oppgjeven sukka over yngste son sin: *"Den poden vil bare tegne, han."*

Og den som oftast generøse Henrik Sørensen – eller Søren som han berre vart kalla - kikka på teikningane, såg talentet og tok med seg unge Kjell til frøken Olsen i kunstavdelinga hos Alf Bjerkes fargehandel i Skippergata for å handla inn Lucas fargetubar og penslar, pallett og staffeli.

Alt forresten gjort på Stortinget si rekning. Søren såg stort på slikt. Eller rettare: Såg stort på slikt også.

Kjell har sjølv fortalt korleis han av Henrik Sørensen i 1936 vart sendt til Leon Aurdals malerskole.

Aurdal sendte dei unge elevane ned på Akershus på leiting etter motiv.

Kjell var kome langt på si verkeleggjeri av oppdraget då inspeksjonen kom.

Mens han røykte på ein stor sigar, skakka Aurdal på hovudet, og brumma:

*"Tja, "sa han, "Det var kanskje ikke så dumt. Men si meg en ting, hvorfor har De malt den grønne veggen grå?"*

*"Har jeg det?", spurte Kjell.*

Forklaringa er at Kjell Aukrust – målaren Kjell Aukrust – er raud-grønblind. Det sleit han med heile livet. Vi som ser bileta hans har vanskeleg for å tru det er sant. Men vi som kjenner Kari og Kjells samarbeid skjønar grunnen til at det ikkje er til å merke i bile-

ta frå Kjells siste periode som målar. Så finn vi då verkeleg Kari att i bileta også. Heime på Midtåsen heng det store portrettet frå 1940 av Kari. Portrettlikt, stramt komponert, men med ømhet over skikkelsen. I denne utstillinga på Aukrustsenteret finst titlar som *"Kjøkkenbordet til Kari"*, *"Karis kjøkkenvindu"* og *"Kari på Midtåsen"*. Det siste har eg sett omtala som "en sjenert kjærlighetserklæring". Så er det då knapt nokon kunstnarektefelle som glir så organisk og naturleg inn i mannens kunstunivers som Kari gjer i Kjells. Det var nok ikkje utan grunn at Kjell alltid sa "vi" når han snakka om seg og kunsten sin. Og i dette "vi" var Kari.

Den vidare historia om den unge Kjells veg på kunstnarbana er velkjend: Den handlar om 16-åringen som vart sendt til rektor Prytz ved Statens håndverks- og kunstindustriskole med lapp frå sjølvaste Henrik Sørensen: *"Kjell Aukrust er eller skal bli maler. Slipp ham inn!"*

Men Kjell ville ikkje vore den Kjell vi kjenner dersom han ikkje også brukte Søren's *"slipp ham inn"*-lapp som adgangsteikn til Frogner stadion. Det skjedde 19. januar 1936, og der såg den purunge alvdølen at Ivar Ballangrud sette verdsrekord på 5000-meteren med tida 8.17.2.

Men Kjell slapp inn også der Henrik Sørensen hadde tenkt. Det var starten på eit kunsteventyr. Eit Aukrust-eventyr. Og så er det attpåtil sant. Og likevel: Nettopp fordi anekdotane er så gode – og dei fleste av dei så sanne – er det så lett å gå i den villfaringa at for Kjell var alt så lett. Ein slags ellevill lek med kunsten og livet. Slik er det sjølv-

sagt ikkje. Så langt derifrå: Det er hardt og målmedvete arbeid.

Han hadde lærarar som Leon Aurdal, Henrik Sørensen, Per Krogh, Alf Rolfsen og Sverre Pettersen. Dette er ikkje namn som fuska i faget, og dyrka den glade amatør. Nei, dette er kunstnarar som stilte dei strengaste kunstfaglege krav og møtte det overfladiske og dilletantiske med forakt. Kjell Aukrust gjekk i ein lang og streng skule. Det gav resultat. I heile sju år – fire år etter at den obligatoriske undervisninga var slutt – vart Kjell sitjande og teikna på skulen. Slik kunne han seia at knapt nokon norsk teiknar har fått grundigare utdanning.

Men så kjenner vi då også resultatet!

Men lettvin?

Nei, så langt derifrå.

Kjell Aukrust debuterte to gonger på Statens Høstutstilling. Først i 1939 som teiknar. Så i 1945 som målar, med biletet ”*Barna i skogen*”.

Teikninga som vart antatt i 1939 var ein illustrasjon til ei diktline av farbor Olav Aukrust: ”I sol og blømande villgras låg han”. Og Kjell har levande fortalt om at den lange ventetida før han fekk svar vart så uuthaldeleg at han til slutt gjekk inn på Kunstneres Hus i Oslo for om mogeleg å etterrøkje lagnaden til den innsendte teikninga. Der låg det teikningar og grafikk strødd utover golvet. Om juryen var ferdig?, drista Kjell seg til å spørja. Ja, fekk han



*Barna i skogen.*

til svar. Om det då var slik at det som låg på golvet var antatt? Det stemte nok det, var svaret. "Den også", sa Kjell og peikte på si eiga teikning.

"Den også", svarte formannen i Bildende Kunstneres styre, Ulrik Henriksen, og la til:

"Det er kanskje kunstneren personlig jeg har den ære å snakke med?" Kjell var ute av stand til å svara, "styrtet ut og kastet opp i Slotsparken av bare begeistring", som han seinare skriv om denne skjellsettenda opplevinga som pur ung kunstnarspire.

Begeistringa vart ikkje mindre då han på opningsdagen fann at teikninga var merkt med raud lapp, altså allereie seld. Han skunda seg bort til sekretæren, og ville vita kven kjøparen var. Kanskje kjølna begeistringa noko då det vart opplyst at mannen med sans for Kjells teikning var "Landbrukskolebestyrer Lars O. Aukrust, Alvdal".

Også til "Barna i skogen" er det knytt ei typisk Aukrust-historie: På veggen i trappa på Storsteigen hang eit stort landskapsmåleri med motiv frå Sørlandet. Ein dag då fader Lars var i hovudstaden fall Kjell for freistinga, tok biletet ned, og måla over det gamle motivet. Enno kan dette faktisk anast under Kjells motiv. Då landbruksskulestyraren kom heim, var det ikkje stort å gjera med overmålinga: "Barna i skogen var eit faktum". Og sogja seier at faren ikkje vart formilda før meldinga kom om at nett dette biletet var antatt på den første haustutstillinga etter dei lange krigsåra.

Slik er det så ofte med Kjell Aukrust. Det løyner seg ei heil lita novelle bak kvart einaste bilete.

Krigen nazifiserte det Statens Kunst-

akademi som Kjell då var kome inn på, og vart boikotta av kunstnarane. Sjølv sagt også av Kjell. Han måla ei stund på eit slags illegalt akademi, men det løyste seg opp. Og så var det igjen Henrik Sørensen som tok seg av han.

Kjell Aukrust måla under heile krigen, mykje i Bøverdalen og på Røros. Men hausten 1945 er det brått slutt. Hadde det hendt noko dramatisk? På ingen måte. Etter fem krigsåra kom ein eksplosjon av bøker, og bøker trong jo illustrasjonar. Og knapt nokon sto betre rusta til å ta på seg slike oppgåver enn nettopp Kjell. Han vart illustratøren og teiknaren, tilsett i den nystarta avisa Vårt Land i 1945. Kjell Aukrusts kunstnarveg tok ein anna retning enn målarkunsten. Og resten er på så mange vis historie.

Og så er den ikkje det likevel. Heldigvis.

For Kjell Aukrust vende attende til målinga dei siste femten åra av livet sitt. Gjennom den kunne han utfalda seg i heller store former, der han i teikningane er så omhyggeleg med filigransdetaljane. Kjell synta korleis han meistra ulike teknikkar: Olje, akryll, og akvarell. I måleria finn vi variasjonen og spennvidda, og vi oppdagar det underlege og forunderlege spelet mellom form og farge. Og så ser vi så klårt den fargenerven Kjell hadde.

På dette området er det no ein rein amatør som snakkar, eg skal ikkje simulera stor innsikt i biletkunst. Men kjennaren Finn Jor – som er den som har skrive mest utførleg om målaren Kjell Aukrust – seier det slik:

"Det finnes ingen tvil eller usikkerhet i arbeidene, og flere er så kompliserte i komposisjon og fargeholdning at man naturlig



*Sommernatt på Oslofjorden.*

*fører det tilbake på lang trening og erfaring. Aukrust var en mann som hele sitt liv hadde stått overfor kunstneriske problem – og løst dem.”*

Finn Jor beskriver ein moden målar. Ein målar som sto solid planta i fransk tradisjon, slik den vart tolka av Thorvald Erichsen og ”fornorska” av Henrik Sørensen. Det kan teiknast eit bilete av ein som har lært av forbileta sine – ikkje kopierte dei. Kjell Aukrust er mellom dei som skritt for skritt erobrar lyset, og fyller bileta sine med det. Han syner fram livs- og kunstglede, er overraskande, nyskapande og eksperimenterande, men sviktar likevel aldri røtene.

Alt ifylgje kunstkjennaren Finn Jor.

Og vi andre som kjende Kjell som person og som kunstnar kan berre nikka atkjennande. Slik Kjell syner seg i bileta sine, syner han seg også som teiknar, forfattar – og menneske. For mange er det nok likevel ein ny Aukrust vi ser i desse måleria – avdi han

som målar er ny for dei fleste. Dessutan fornyar jo Kjell heile tida seg sjølv .

Det er sagt at Kjell Aukrust gjennom desse måleria har etablert seg i eliten av norske målarar.

Frå før er han den fremste mellom teiknarane.

Som humorist er han av dei største. Og som forfattar er han like særmerkt som glitrande.

Det finst ikkje maken her på berget til eit slikt kunstnarleg mangfald som det vi finn hos Kjell Aukrust.

Med måleria er på eit vis ringen slutta. Og vi er lukkelege, undrande og takksame fanga inn – og fanga av – den ringen Kjell med sin kunst streka opp rundt oss.

Harald Stanghelle

Myrhaugen 21

0752 Oslo

harald.stanghelle@aftenposten.no